



Heidi Styve
Hjelmåsen 35
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3613 - 23/35014

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan - gbnr 202/3 Hjelmås

Administrativt vedtak: Saknr: 461/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Heidi Styve dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.05.2028 for gbnr 202/3 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vilkår: Hestegjødsel må brukest på eng eller åker i vekstsesongen.

Saka gjeld:

Føretaket **Heidi Styve** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 202/3. Føretaket har 13 daa innmarksbeite, 19,5 daa overflatedyrka og 6 daa fulldyrka mark.

Drifta er 37 vinterfora sauer som går ute heile året, ein vaksne hest som går 20 veker på innmarksbeite og 9 høner. Driftsforma til sauene er utegangardrift og det vert difor ikkje oppsamla gjødsel. Hestegjødsel blir brukt som kompost.

Føretaket kjøper inn 200 kg fullgjødsel som vert spreidd en gang på beite.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0), og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 23/3613 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Heidi Styve

Hjelmåsen 35

5915

HJELMÅS